

Sognekraft

# Ny transformatorstasjon på Kaupanger

Konsesjonssøknad

Sognekraft, nettseksjonen  
04.02.2019

## FØREORD

Sognekraft AS søker med dette, i medhald til Energiloven av 29.06.1990 §3-1, om konsesjon for bygging og drift av ein ny transformatorstasjon på Kaupanger i Sogndal kommune, Sogn og Fjordane fylke.

Høyringsuttale til søknaden sendast til NVE:

Norges vassdrags- og energidirektorat

Postboks 5091, Majorstuen

0301 OSLO

e-post: [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no)

Spørsmål vedkomande søknaden kan rettes til:

Funksjon/stilling	Namn	Mobil	e-post
Prosjektleiar	Elisabeth Stokkenes	48 21 76 20	elisabeth.stokkenes@sognekraft.no

Vik i Sogn, februar 2019



Stian Frøiland

-nettsjef-

## SAMANDRAG

Kaupanger transformatorstasjon ligg i Sogndal kommune, Sogn og Fjordane fylke.

Sognekraft har gjennomført systemanalysar som viser at det er behov for større transformeringskapasitet i Kaupanger-området (Sogndal kommune) for å kunne dekke venta forbruksauke i nærområdet. Eksisterande transformatorstasjon har ein transformator på 15 MVA, og forbruket for området ved tunglast i 2018 var ca. 9,5 MVA. I ettertid har industrivekst medført auka forbruk, og transformatoren på Kaupanger er no nær fullasta vinterstid. Etablering av ny industri, elektrifisering av transportsektoren og auke i bustadbygging gjer det naudsynt med større transformeringskapasitet på Kaupanger i tida framover.

I tillegg til kapasitetsauke på Kaupanger er ikkje den eksisterande transformatorstasjonen tilfredsstillande med omsyn på HMS og den er i tillegg flaumutsett. Anlegget tilfredsstillar ikkje dagens HMS-krav, og ein feil på stasjonen vil kunne få sær store konsekvensar for dei som eventuelt oppheld seg i anlegget. På dagens tomt er det heller ikkje tilstrekkeleg areal til at det kan etablerast ein stasjon i tråd med forskriftskrava som dekkjer området sin trong for forsyning. Sognekraft ønskjer derfor å etablere ein ny stasjon på ei ny tomt som er betre eigna og som gjev moglegheiter for eventuelle utvidingar i framtida.

Sognekraft ønskjer å byggje den nye stasjonen for 132kV, noko ein meiner er framtidsretta med omsyn på Statnett sine planar for nettet i Indre Sogn samt i høve til tilgang på reservedeler m.m. Ein ønskjer å byggje stasjonen med to omkoplbare 132-66/22kV krafttransformatorar på 50 MVA, der den eine vil stå som kald reserve. Kaupanger er lokalisert på ein radial, og ein vil ha moglegheit til å drifte stasjonen på 66kV fram til ei seinare omlegging til 132kV. Med transformatorstorleik på 50 MVA har ein tilstrekkeleg kapasitet i mange år framover, samstundes som ein vil ha eit fleksibelt nettanlegg som sikrar god leveringstryggleik. På sikt vil ein òg byggje ei ny innmating til Kaupanger på spenningsnivå 132kV som reserveforsyning då ein per no ikkje har fullverdig reserve via 22kV-nettet.

Anlegget vil ha ei enkelt samleskinne på primærsida på 132kV som kan delast med effektbrytar, 4 stk. 132kV brytarfelt samt 2 stk. målefeld, 2 stk. transformatorar á 50 MVA og 2 stk. kompenseringsspolar. På sekundærsida vil anlegget ha 16 stk. 22kV felt for transformatorar, avgangar, deling av samleskinne, måleceller og reserve. I tillegg vil stasjonen ha naudsynt kontroll- og hjelpekraftanlegg. Byggetida for anlegget er estimert til 1,5-2 år frå endeleg konsesjon vert gjeve. Venta investeringskostnad er estimert til om lag 70 MNOK.

Sognekraft ønskjer å ta omsyn til at lasta kan auke til over 50 MVA i framtida, og ein vil leggje til rette for utviding til to samleskinner på 132kV. Stasjonen er tenkt å etablerast med EMP-sikring av kontrollrom og to batteribankar.

# INNHALD

FØREORD .....	1
SAMANDRAG .....	2
1 PRESENTASJON AV SØKJAR.....	4
2 BAKGRUNN FOR SØKNADEN.....	4
3 DET OMSØKTE.....	6
3.1 Konesjon.....	6
3.2 Løyve til oreigning og førehandstiltreding.....	6
3.3 Utgreiingsplikt.....	6
4 TILKNYTNING TIL KRAFTSYSTEMPLAN .....	7
5 ANLEGGSSPESIFIKASJON.....	7
5.1 Anlegget si lokalisering .....	7
5.2 Spenningsnivå .....	7
5.3 Nærmare spesifikasjonar .....	7
6 KOSTNADSESTIMAT OG TIDSPLAN .....	8
6.1 Kostnadsestimat .....	8
6.2 Tidsplan.....	8
7 EIGAR OG DRIFTSTILHØVE .....	8
8 FORARBEID.....	8
8.1 Erverving av grunn .....	8
8.2 Reguleringsplan .....	8
8.3 Undersøking etter lov om kulturminner.....	9
9 VERKNADER FOR MILJØ, NATURRESSURSAR OG SAMFUNN.....	9
9.1 Nærleik til busetnad og industriområde.....	9
9.2 Støy og elektromagnetiske felt.....	9
9.3 Landskap .....	9
9.4 Friluftsliv og rekreasjon .....	9
9.5 Natur- og kulturlandskap samt naturressursar .....	9
9.6 Kulturminner.....	9
9.7 Naturmiljø, plante- og dyreliv.....	10
9.8 Verknader av byggjearbeida .....	10
10 VURDERING OG GRUNNGJEVING .....	10

## 1 PRESENTASJON AV SØKJAR

Sognekraft AS (org.nr. 916 069 634), Røysavegen 1, 6893 Vik i Sogn, er eit energiselskap der kjerneområda er produksjon, distribusjon og sal av elektrisk kraft. Selskapet eig og driv kraftverk, transformatorstasjonar og eit relativt stort distribusjonsnett og regionalnett i sitt konsesjonsområde som omfattar kommunane Balestrand, Leikanger, Sogndal og Vik samt deler av Lærdal kommune. I 2017 leverte Sognekraft ca. 262 GWh innad i konsesjonsområdet, og samla årsproduksjon i Sognekraft sine anlegg var om lag 627 GWh same år.

Sognekraft har omlag 94 fast tilsette (114 i konsernet) og hadde ei omsetjing i 2017 på om lag 381 MNOK. Sognekraft er eigd av kommunane Balestrand, Leikanger, Luster, Sogndal og Vik samt av BKK og Luster energiverk.

Mål for Sognekraft sin aktivitet:

- Langsiktig verdiskaping for Sognekraft sine eigarar
- Samordne bygging av straumnett til både ny kraftproduksjon og eige forbruksnett slik at dimensjonen gir ein framtidretta og kostnadseffektiv nettstruktur i regionen
- Kraftprodusentar og forbrukarar skal knytast opp mot eit sterkt sentralnettpunkt og gje alle nettkundar marknadstilgang.
- Sognekraft skal ha god leveringskvalitet på straumnettet og leggja til rette for innmating frå ny klimavenleg kraftproduksjon

Prosjektleiari og kontaktperson for dette prosjektet er Elisabeth Stokkenes.

## 2 BAKGRUNN FOR SØKNADEN

Bygda Kaupanger vert i dag forsynt frå eksisterande Kaupanger transformatorstasjon. Denne stasjonen vart si i tid innkjøpt som eit brukt anlegg frå Statkraft etter utbygginga av Jostedal kraftverk.

Kaupanger er eit område i vekst, både med omsyn på bustader, men òg i høve til industri og transport. Elektrifiseringa av transportsektoren, med både bilar, ferjer og fly, vil derfor ha stor innverknad på forbruksauka i området i tida framover. Vekst i tradisjonell industri samt i ny industri som t.d. datalagring/-prosessering vil òg medføre rask auke i etterspurt effekt. Det er venta nær ei dobling av forbruket i nærmaste framtid. Per no nærmar dagens 15 MVA transformator i Kaupanger transformatorstasjon seg raskt fullast, og det kjem stadig førespurnader om auka effektuttak. Sognekraft må difor gjere tiltak for å kunne dekkje trongen for effekt i framtida. I tillegg vil kravet til stabil og sikker straumforsyning verte stadig viktigare. Sidan effektauken skjer raskt er det naudsynt å starte opp arbeida med etablering av ny transformatorstasjon på Kaupanger som kan forsyne området, og det vil vere trong for både auka transformeringskapasitet samt fleire 22kV avgangar.


Samfunnsøkonomisk kostnad for ikkje levert energi til kundane som i 2018 var tilknytt Kaupanger transformatorstasjon, genererer ein KILE-kostnad ved tunglast på om lag 400 000

kr/time. Dersom forbruket aukar så mykje som det ein no antek, er KILE-kostnaden ved topplast vinter 2019/2020 venta å liggje på ca. 800 000 kr/time.

Det vil verte gjort ei oppjustering av dagens krafttransformator for å kunne handtere effektauken som kjem i perioden fram til den nye stasjonen er ferdigstilt. Denne oppjusteringa gjer at ein totalt kan hente ut om lag 17,5 MVA. Dette vil vere til hjelp i høve til å dekkje effektbehovet dei neste åra, men det vil ikkje vere tilstrekkeleg på lang sikt.

Den eksisterande transformatorstasjonen på Kaupanger er eit eldre anlegg som korkje er dimensjonert for å handtere effektbehov i den storleiken som ein forventar i tida framover samt at den ikkje er særleg tilfredsstillande med omsyn på HMS. Eksisterande Kaupanger transformatorstasjon vart bygd i 1991 og består av 1 stk. 66kV brytarfelt, 1 stk. transformator 66/22kV og 3 stk. 22kV avgangar som forsyner ulike deler av bygda. 22 kV anlegget er plassert i ein stålcontainer saman med relétavla for styring av 66kV brytar og transformator. 22kV anlegget framstår som ein stor risiko for driftsmannskapet dersom ein oppheld seg i containeren med vedlikehaldsarbeid/feilsøking samstundes som det oppstår feil/lysboge i apparatanlegget.

Etablering av ny transformatorstasjon på tomta til den eksisterande stasjonen er uaktuelt av fleire årsaker. Først og fremst er dette grunna flaumfare då Kaupangerelva utgjer ein stor flaumrisiko for stasjonen slik den ligg i dag, og eksisterande stasjon har vore utsett for flaum ved eit tidlegare tilfelle. På dagens tomt er det heller ikkje tilstrekkeleg areal til at det kan etablerast ein stasjon i tråd med forskriftskrava og som dekkjer området sin trong for forsyning. Sognekraft ønskjer derfor å etablere den nye transformatorstasjonen på ein tomt der ein har areal nok til å byggje eit teneleg anlegg som er både funksjonelt, tek omsyn til HMS og som legg til rette for eventuelle utvidingar i framtida.



*Figur 2.1. Aktuell plassering for den nye transformatorstasjonen. Oransje felt er det nye stasjonsområdet med 132 og 22 kV-anlegg, dette må nok utvidast noko i høve til eksisterande tomtegrense. Raudt felt er eksisterande Kaupanger transformatorstasjon. Illustrasjonen viser at inngrepa er plasserte i område der skogen er hogd, og utanfor innteikna omsynssoner.*

### 3 DET OMSØKTE

Sognekraft søker i medhald til Energiloven av 29.06.1990, § 3-1 om konsesjon for bygging og drift av transformatorstasjon, som spesifisert seinare i kapittel 5 i dette dokumentet.

Anlegget si plassering framgår av vedlagde kart, vedlegg 1 og 2. Ei kort oversikt angående kva det vert søkt om er gjeve under:

- Bygging av nytt stasjonsbygg for 132 og 22kV apparatanlegg samt kontrollanlegg
- To transformatorar 132-66/22kV á 50 MVA
- Sanering av eksisterande Kaupanger transformatorstasjon
- Sanering av 2 spenn på 66kV linja Årøy – Kaupanger og omlegging av 66kV linja mot ny innstrekksmast på området til nye Kaupanger transformatorstasjon

#### 3.1 Konsesjon

Det vert søkt om anleggskonsesjon i medhald av Energiloven av 29.06.1990, § 3-1.


Sognekraft har i dag anleggskonsesjon for eksisterande Kaupanger transformatorstasjon som gitt i anleggskonsesjon: NVE 201506725-2 av 25. november 2015.

#### 3.2 Løyve til oreigning og førehandstiltreding

Sognekraft eig området der ein planlegg å lokalisere nye Kaupanger transformatorstasjon. Eigedomen har gnr./bnr. 105/548. Det er såleis ikkje naudsynt for Sognekraft å søkje om løyve til korkje oreigning eller førehandstiltreding på noverande tidspunkt. Den erverva tomta for etablering av stasjonen må utvidast noko i høve til det som er vist i figur 3.1 under, men Sognekraft har god dialog med grunneigaren og ein vonar å kunne inngå avtale angående dette. Når det gjeld endring av reguleringsplan vedr. utviding av tomt er prosessen med det i gang ift. Sogndal kommune. Førebels plankart som syner området etter utviding av tomta er vist i vedlegg 3.

#### 3.3 Utgreiingsplikt

Tiltaket er ikkje underlagt krav om konsekvensutgreiing i medhald til "Forskrift om konsekvensutredninger" av 01.07.2017.



Figur 3.1. Området markert med gul farge markerer gnr./bnr. 105/548 der Sognekraft ønskjer å etablere nye Kaupanger transformatorstasjon. Stasjonsområdet vil verte noko utvida i høve til det som er vist på dette utsnittet, jf. førebels plankart i vedlegg 3.

## 4 TILKNYTNING TIL KRAFTSYSTEMPLAN

Plan for bygging av nye Kaupanger transformatorstasjon med innmating på 132/66kV spenning, er i samsvar med gjeldande kraftsystemplan for regionalnettet i Sogn og Fjordane. I kapittel 4.9 i kraftsystemplanen er nemnt at dersom sentralnettet mellom Sogndal transformatorstasjon og Leirdøla vert oppgradert til 420kV, kan spenningsoppgradering av regionalnettet mellom Sogndal og Årøy verte aktuelt, då på 132kV spenningsnivå. Utan at det er spesifisert i regional kraftsystemplan, meiner Sognekraft det er fornuftig å leggje til rette for at Kaupanger transformatorstasjon kan knytast til 132kV-nettet.

## 5 ANLEGGSSPESIFIKASJON

### 5.1 Anlegget si lokalisering

Søknaden omfattar anlegg lokalisert i Kaupanger i Sogndal kommune, Sogn og Fjordane fylke. Etableringa av anlegget vil føregå på eit område som i dag er nytta til skogproduksjon.

### 5.2 Spenningsnivå

Sognekraft ønskjer å byggje den nye stasjonen for 132kV, noko ein meiner er framtidsretta med omsyn på Statnett sine planar for nettet i Indre Sogn samt i høve til tilgang på reservedeler med meir. Statnett har planar om å oppgradere 300 kV-nettet mellom Leirdøla og Sogndal til 420kV, noko som vil føre til at Sognekraft mistar dagens T-avgreining til Årøy med innmating frå 70 MVA generator. Dette medfører at ein må oppgradere luftnettet mellom Sogndal og Årøy til 132kV, noko som ligg inne i regional kraftsystemplan jf. kapittel 4 ovanfor. Det vil difor vere lite framtidsretta å byggje den nye transformatorstasjonen på Kaupanger for 66kV. Det vil òg vere lite gunstig å byggje ein ny stasjon for 66kV då dette er eit spenningsnivå ein på sikt antek at vil verte fasa ut. Ved å i staden byggje stasjonen for 132kV, men drifte den på 66kV fram til det vert endringar i sentralnettet, vil ein ta omsyn til både Sognekraft sin tilknytning til sentralnettet i dag, samt leggje til rette for utviklinga framover.

### 5.3 Nærmare spesifikasjonar

Området der nye Kaupanger transformatorstasjon er planlagt plassert utgjer ca. 4 800 m<sup>2</sup> (80m x 60m). Dette området vil bli gjerda inn.

Transformatorstasjonen vil verte bygd med delte samleskinner for både 132 og 22kV for betre fleksibilitet ved feil eller revisjonar.

Detaljar ved anlegget er lista opp nedanfor:

- 2 stk. 132-66/22kV krafttransformatorar à 50 MVA, der den eine vil vere kald reserve
- 4 stk. 132kV brytarfelt, luftisolert
- 2 stk. 132kV målefeld
- 1 stk. 132kV effektbrytar for deling av samleskinne
- 2 stk. kompenseringsspolar (22kV)

- 16 stk. 22kV felt, herunder 2 stk. for krafttransformator, 2 stk. for deling av samleskinne, 1 stk. for reserveavgang, 1 stk. for stasjonstrafo, 2 stk. måleceller samt 8 stk. avgangar
- Naudsynt kontrollanlegg og hjelpekraftanlegg med EMP-sikring og 2 stk. batteribankar

Sognekraft ønskjer å leggje til rette for utviding til doble samleskinner.

Einlinjeskjema som syner det skisserte anlegget, går fram av vedlegg 4. Utkast til situasjonsplan ligg som vedlegg 5. I vedlegg 6 og 7 er det vist snitteikningar for anlegget.

## 6 KOSTNADSESTIMAT OG TIDSPLAN

### 6.1 Kostnadsestimat

Med bakgrunn i noverande kostnadsnivå er byggekostnaden estimert som følgjande:

Kostnadar for grunn- og byggarbeid inkl. prosjektering	26,4 MNOK
132kV anlegg	31,1 MNOK
<u>22kV anlegg</u>	<u>11,4 MNOK</u>
<b>Totalkostnad</b>	<b>68,9 MNOK</b>

### 6.2 Tidsplan

Byggetida er estimert til 1,5-2 år etter at endeleg konsesjon er gjeve.

## 7 EIGAR OG DRIFTSTILHØVE

Sognekraft AS skal eige og drifte transformatorstasjonen som ein søker om å få etablert på Kaupanger.

## 8 FORARBEID

### 8.1 Erverving av grunn

Sognekraft har allereie starta prosessen med erverv av grunn, og har inngått avtale med grunneigaren om kjøp av tomt. Etter nye vurderingar kring nettutviklinga i Indre Sogn har Sognekraft funne at det vil vere teneleg å velje ei anna utforming av den nye transformatorstasjonen enn det som først var tenkt. Dette vil medføre trong for å utvide tomta som no er erverva. Sognekraft har vore i kontakt med grunneigaren på nytt angående trong for større areal, og grunneigaren har vore positiv til dette.

### 8.2 Reguleringsplan

Sognekraft har vore i kontakt med Sogndal kommune angående reguleringsplan for området. I løyvet til deling av eigedom for dei opprinnelege planane om innandørs 66kV anlegg skriv Sogndal kommune følgjande vedr. nabolilhøve og andre kommentarar: «I samsvar med vilkåra i plan- og bygningsloven §21-3 andre ledd vert det gjeve fritak for varsling. Det er vurdert at deira interesser ikkje vert berørt av arbeidet.» Reguleringsplanen er utarbeida med omsyn på arealet som Sognekraft til no har erverva. Prosessen med endring av

gjeldande reguleringsplan for området, som då tek høgde for trongen for større areal, er per no under handsaming hjå Sogndal kommune.

### 8.3 Undersøking etter lov om kulturminner

Kulturminneavdelinga i Sogn og Fjordane er orientert om planen for bygging av nye Kaupanger transformatorstasjon, og dei har gjennomført synfaring i området. Vedtak frå kulturminneavdelinga ved Sogn og Fjordane fylkeskommune ligg vedlagt i vedlegg 8.

## 9 VERKNADER FOR MILJØ, NATURRESSURSAR OG SAMFUNN

### 9.1 Nærleik til busetnad og industriområde

Den nye transformatorstasjonen på Kaupanger, som ein her søker om å få etablere, vil vere nokså likt plassert som den eksisterande stasjonen med omsyn på avstand til busetnad og industriområde. Estetisk innverknad vil vere tilsvarande.

### 9.2 Støy og elektromagnetiske felt

Ettersom stasjonen ligg langt frå der folk bur, vil korkje støy eller elektromagnetiske felt være noko betydeleg problem ved det nye anlegget.

### 9.3 Landskap

Tiltaket vil medføre noko breiddeutviding av ein veg, samt beslaglegging av om lag 4,8 dekar til stasjonsområde. Desse inngrepa vil i sin heilskap komme innanfor området som alt er flatehogd. Anlegget vil òg liggje lågt i terrenget og vil såleis vere høvesvis lite sjenerande. Eksisterande transformatorstasjon med areal på 3965 kvm, som er lokalisert på motsett side av Kaupangselvi, vil verte fjerna og området rydda. Som følgje av det kan tiltaket ikkje seiast å påføre området meir enn ei marginal forringing, noko som tilseier lite negativt omfang.

### 9.4 Friluftsliv og rekreasjon

I det aktuelle området er det per no etablert skogssti til stisykling. Bruk av området til stisykling vil kunne halde fram, men det vil vere naudsynt å leggje om delar av traseen. Ved å leggje om delar av stien vil det ikkje vere noko konflikt mellom stisyklinga som aktivitet og etableringa av ny transformatorstasjon. Etablering av ny transformatorstasjon på ny tomt på Kaupanger vil elles ikkje i vesentleg grad avgrense mogelegheitene for å nytte naturen i området til friluftslivsaktivitetar.

### 9.5 Natur- og kulturlandskap samt naturressursar

Som nemnt tidlegare under avsnitt 5.1 vert det aktuelle området for etablering av ny transformatorstasjon i dag nytta til skogsdrift. Arealet der Sognekraft ønskjer å etablere ny transformatorstasjon er allereie flatehogd. Det vil elles vere mogelegheiter for framleis å kunne hente ut tømmer i omkringliggjande område i framtida, etableringa av transformatorstasjonen vil ikkje ha innverknad på dette.

### 9.6 Kulturminner

Som nemnt ovanfor i avsnitt 8.3 er kulturminneavdelinga i Sogn og Fjordane er orientert om planen for bygging av nye Kaupanger transformatorstasjon, og dei har gjennomført synfaring i området. Sognekraft har motteke vedtaksbrev i saka datert 23.05.2018 der

fylkeskommunen uttalar at dei ikkje har avgjerande merknader til planen om etablering av transformatorstasjon. Vedtak frå kulturminneavdelinga ved Sogn og Fjordane fylkeskommune ligg som nemnt vedlagt i vedlegg 8.

### 9.7 Naturmiljø, plante- og dyreliv

Generelt vil ikkje etableringa av transformatorstasjonen ha særleg innverknad på plante- og dyrelivet i området.

Planområdet er registrert som blandingskog med hovudvekt på bartre på omkring 50 år, med høg bonitet. Innanfor planområdet er det registrert naturtypar med svært viktig verdi og området har verdi A (svært viktig). Området har ein uvanleg produktiv og artsrik flora av kalkkrevjande, søraustlege mykorrhizasoppar. Det er registrert to direkte trua artar, ein sårbar art og fem nær truga artar. Lokaliteten er også vist som omsynssone i kommuneplanen, men grensa er ikkje heilt samanfallande med avgrensinga til naturtypelokaliteten i naturbasen. Kjerneområda med den rikaste soppfloraen ligg i plantefelta med gran og douglasgran. Delar av planområdet er flatehogd, noko som medfører at omsynet til soppartar utgår. Det er i dette området Sognekraft ser føre seg at det vil vere hensiktsmessig å etablere transformatorstasjon og tiltaket i seg sjølv vil ikkje medføre tap av raudlisteartar.

Naudsynt oppgradering av eksisterande skogsveg gjennom lokalitet for naturtype med verdi A, innanfor flatehogd område, er vurdert av fagkyndig person som del av reguleringsplanarbeidet. Som for stasjonsområdet vil heller ikkje dette tiltaket i seg sjølv medføre tap av raudlisteartar.

Av reguleringsplan med seinare endring mtp. utvida stasjonsområde går det fram at transformatorstasjonen kan etablerast innanfor eit område som ikkje kjem i konflikt med omsynssoner.

### 9.8 Verknader av byggjearbeida

Når det gjeld byggjeperioden vil ikkje arbeida i nemneverdig grad ha innverknad på bustadområde. Derimot kan næringsområdet lokalisert sør for anleggsområdet oppleve noko meir støy og trafikk i anleggsperioden.

## 10 VURDERING OG GRUNNGJEVING

Det er gjort vurderingar av alternative plasseringar av trafostasjonen i nærområdet til eksisterande trafostasjon, både ved vurderingar på kart og ved synfaringar i terrenget. Det er ein føresetnad at ny trafostasjon vert plassert i tilknytning til eksisterande linjenett, noko som reduserer mogelege alternativ for plassering.

Sognekraft vurderer at området ein har starta grunnverv i, er godt eigna for etablering av ny transformatorstasjon av omsyn til nærleiken til eksisterande linjenett, avstand til bustadområde, plassering i høve til flaum samt enkel tilkomst. Området legg òg til rette for framtidig utviding av stasjonen, noko ein ser på som viktig av omsyn til rask utvikling i samfunnet med tilsvarende rask auke i energibehov.

Når det gjeld dei tekniske løysingane meiner Sognekraft det er fornuftig og framtidsretta å bygge ein ny stasjon for 132kV. Sognekraft meiner òg det er naudsynt å leggje til rette for ny reserveinnmating til Kaupanger på 132kV spenningsnivå då dagens reserveinnmating via eksisterande 22kV-nett ikkje er fullverdig reserve. Etablering av redundans i høve til transformatorar vil òg vere naudsynt med omsyn på forbruket som er venta på Kaupanger i framtida. Vidare meiner Sognekraft det er viktig å leggje til rette for framtidige utvidingar av anlegget.

Sognekraft søker såleis av ovannemnde grunnar og i medhald av Energiloven av 29.06.1990, § 3-1 om konsesjon for bygging og drift av ny transformatorstasjon på Kaupanger.